



Arkivnr: 2019/123-60

Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik, Tone Stedal Haugland, Hanne Espe

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.11.2019

## Kulturelt utviklingsprogram (KUP). Tildeling 2019

### Samandrag

KUP er eit verkemiddel for større satsingar i kulturlivet i Hordaland, og skal støtte nyskapande og målretta prosjekt initierte av kulturlivet . KUP er eit supplement til Hordaland fylkeskommune sin øvrige innsats på kulturområdet, og til annan offentleg eller privat økonomisk medverknad.

<b>Generelt:</b>	
Budsjett 2019:	6 656 000 kroner
Kan avsetast til prosjekt som gjeld idrett og friluftsliv:	500 000 kroner
Søknadsfrist 2019:	3.juni
Vedtak kriteria: Vedtekne programområde:	<u>Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU)</u> PS 33/2016 <a href="#">og PS 15/19 i møte 22.01.19</a> A. Formidling og deltaking B. Samordning og samhandling C. Kunstløftet – kunstnarleg nyskaping
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="#">Informasjon på nettsida</a>

<b>Fordeling 2019:</b>	
Tal på søknadar:	55
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	22
Samla søknadssum:	31 081 000 kroner
Tilrådd fordeling:	6 656 000 kroner

### Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Ut frå føremålet med ordninga og føringane i Regional kulturplan er det sett opp følgjande vilkår som søknadane har vore vurdert opp mot:

#### Vilkår for KUP-tildeling (absolutte kriteria):

1. Det vert ikkje gjeve stønad til ordinær drift og investeringar.
2. Søknaden skal vera innretta mot eit eller fleire programområde.  
A: Formidling og deltaking  
B: Samordning og samhandling  
C: Kunstløftet - kunstnarleg nyskaping
3. Søknaden skal ha betydning for større regionar, heile fylket eller Vestlandet.

Vidare skjønsmessige kriterier:

4. I kva grad prosjektet har resultat som bidreg til å oppfylle mål i programområdet
5. i kva grad prosjektet er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
6. i kva grad prosjektet har eit høgt kvalitativt nivå
7. i kva grad prosjektet vil føre til meirverde for kultursektoren
8. i kva grad prosjektet klarer å bli synleg
9. i kva grad prosjektet kan seiast å ha berekraft og gjennomføringsevne
10. i kva grad ein har lukkast med å samarbeide med andre og på tvers av kultursektoren
11. i kva grad ein har tatt med vurdering av eventuell drift av tiltaket etter prosjektperioden (varig drift)
12. i kva grad ein kan oppnå full prosjektfinansiering (nasjonal/internasjonalt)

Det er fagleg og kunstnarleg breidde i dei tilrådde løyvingane, og dei fleste sjangrar / felt innan kulturlivet er representerte, både det frivillige og profesjonelle. Alle tilrådde prosjekt har sterk relevans i programområda og oppfyller viktige satsingar i regional kulturplan PREMISS: KULTUR. Det har vore viktig å halde fast ved at dette er utviklingsmidlar og skal gje høve til utprøving av nye idear, og ein har slik vore nøye med at dei tilrådde prosjekta har ein klår prosjekttanke og tydelege utviklingsmål.

Fleire av søknadane gjeld støtte til tiltak som ligg tett på ordinære driftsoppgåver. Generelt vert det, også ved tildeling av driftsstøtte, stilt krav til kunst- og kulturinstitusjonar om løypande arbeid med vidareutvikling. For nokre mottakarar av driftsstøtte kan dette vere vanskeleg å prioritere – særleg då mange er små og har ein trong økonomisk driftsramme. Der er no etter kvart også fleire søkjarar som tidlegare har fått treårig KUP-støtte til eit utviklingsarbeid som søker igjen med til dels nærstående prosjekt. Men fylkesrådmannen ser det som viktig at tiltak som vert tilrådd støtte gjennom KUP, kan løftast opp og visast fram som prosjekt med eit tydeleg utviklingsperspektiv. Dei utvalde prosjekta skal også i all hovudsak vere nye satsingar og tiltak.

Ei problemstilling som har vore viktig å forhalde seg til i KUP heile tida er evt. vidareføring av tiltak som får midlar til utprøving og oppstart gjennom KUP. HFK sitt kulturbudsjett har vore stramt dei siste åra, med lite høve for å få nye aktørar inn for driftsstøtte. No står vi framfor ny organisering og vil såleis ta ei ny gjennomgang av kulturfeltet og det regionale ansvaret Vestland vil få for kulturlivet. Det er difor ikkje tida no for å ta stilling til og forplikte seg på drift av nye kulturtiltak og –verksemder. Det vert også tilrådd støtte til ein del forprosjekt i denne saka. Fylkesrådmannen vil understreke at ei løyving til eit forprosjekt ikkje gir bindingar for at fylkeskommunen vidare må bidra til hovudprosjekt – verken gjennom KUP eller andre tilskot.

Det ligg føre fleire søknader som gjeld kartlegging av kunstfelt og kulturaktivitet i Vestland fylke. Dette ser fylkesrådmannen som positivt, og dei kan gje eit godt grunnlag for vidareutvikling både for den enkelte organisasjon eller kunstform og kulturlivet meir generelt i det nye fylket.

Framlegg til vedtak må sjåast i samanheng med fylkesrådmannen sine vurderingar i søknadsoversikta som følgjer som vedlegg til saka. Nummereringa i vedtaket viser til nummereringa i oversikta.

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

**Klima:** Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

**Folkehelse:** [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle](#): Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR .

## Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver 6 656 000 kroner frå konto 10.400.770 Kulturelt utviklingsprogram til:

	Søklar	Prosjektnamn	Periode	Tilråding	Merknad
2	<b>ALDEA AS</b>	Utvikling av Aldea Verkstad som ein ressurs for heile regionen	2 år	476 000	
3	<b>ALT GÅR BRA</b>	Ideens Hus	3 år	300 000	
5	<b>AVGARDE</b>	Opera Avgarde	2 år	100 000	
8	<b>BERGEN INTERNASJONALE FILMFESTIVAL</b>	Havfilmfestivalen 2020 - 2022	3 år	450 000	
9	<b>BERGEN KOMMUNE</b>	Siste kapittel - en aldringsfestival	3 år	200 000	
11	<b>BILDENDE KUNSTNERES FORENING HORDALAND</b>	BKFH KUP-midler 2019-2021	2 år	200 000	
12	<b>BLOKK</b>	Flokk -et felles visningslokale for kunstnerdrevne tiltak i Bergen	1 år	100 000	
14	<b>CORNERSTONE V/ VIK &amp; LIE</b>	CORNERSTONE – NY SCENETEKST PÅ VESTLANDET	2 år	200 000	
16	<b>Folkeakademiet Hordaland</b>	Fun Palaces	3 år	100 000	
17	<b>H. J. ANDERSEN AS</b>	Tradisjonshåndverk – utveksling mellom Norge og Japan. Forprosjekt 2019/2020	1 år	150 000	
20	<b>Heidi Torsvik</b>	Hidden Soul of the Fjords	1 år	200 000	
21	<b>Helse Bergen HF</b>	E-LAN Energisenteret for barn og unge	3 år	150 000	
22	<b>Helse Bergen HF</b>	Energiteamet Barne- og ungdomsklinikken	3 år	250 000	
23	<b>HORDALAND IDRETTSKRETS</b>	Idrettscampus Bergen - Arrangementskompetanse	3 år	100 000	
25	<b>Katrine Meisfjord</b>	Arbeidstittel: Hvordan vil vi leve sammen	2 år	200 000	
27	<b>KRAFT BERGEN AS</b>	KRAFT Salong	3 år	200 000	
28	<b>KRAFTMUSEET - NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM</b>	Knud Knudsen-senter	3 år	1 400 000	Føresetnad at anna finansiering vert innvilga.
31	<b>Litteraturhuset i Bergen</b>	Bergen internasjonale litteraturfestival for sakprosa og skjønnlitteratur, LittfestBergen	2 år	400 000	
39	<b>STIFTELSEN BERGEN DANSESENTER</b>	ESC ungdomskompani for samtidsdans, nysatsing	3 år	300 000	
46	<b>STIFTELSEN VERDIGHETSENTERET</b> <a href="http://www.verdighetsenteret.no">www.verdighetsenteret.no</a>	Forestillingens kraft ( PUST - en kunst og demens festival)	1 år	100 000	
50	<b>Tekstallianse</b>	Tekstallianse	1 år	300 000	
52	<b>Vestland musikkråd</b>	Møteplass for det frivillige musikklivet	3 år	180 000	

53	<b>VESTLANDS-UTSTILLINGEN</b>	Vestlandsutstillingen	2 år	600 000	
	<b>SUM</b>			<b>6 656 000</b>	

Følgjande søknadar blir ikkje innvilga:

	<b>Søkjar</b>	<b>Prosjektnamn</b>	<b>Periode</b>	<b>Totalbudsjett</b>	<b>Søknadssum</b>
1	<b>ADELE LÆRUM DUUS</b>	Farmors Kongehus	2 år	350 000	350 000
4	<b>ASKØY KOMMUNE</b>	Gatekunst på Herdla Fort	3 år	900 000	900 000
6	<b>Bergen domkirke sogn</b>	Bergen kirkeautunnale 2020	1 år	1 600 000	200 000
7	<b>BERGEN DOMKIRKE SOKN</b>	KIRKELIG KULTURSENTER VEST (KVEST)	3 år	9 500 250	900 000
10	<b>BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD</b>	Felles lager/gratis utleie av turutstyr i Hordaland (Frilager)	2 år	400 000	200 000
13	<b>BLUESLAGET LOKST UTØVE</b>	BLUUM - Blueslaget Lokst Utøve's Ungdomsmønstring	3 år	876 800	200 000
15	<b>DEN NORSKE KIRKE - Bjørgvin bispedøme</b>	Syng Songen om St. Sunniva - vernehelgen for vestlendingar og bergensarar. Translatio Sunniva 850 - Bergen 950	2 år	600 000	200 000
18	<b>Harding Puls</b>	Fjord Pianorama	3 år	1 793 850	900 000
19	<b>Hardingfela.no v/ STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM</b>	Master Class Hardanger International	3 år	2 494 000	700 000
24	<b>Hordaland Kunstsenter</b>	The Public Archive Program	2 år	360 000	280 000
26	<b>KODE KUNSTMUSEER OG KOMPONISTHJEM</b>	Europas mest attraktive kunstgate	2 år	5 401 000	1 200 000
29	<b>KRISTINA AAS</b>	Tekstillab	1 år	585 000	200 000
30	<b>KULTUR VEST AS</b>	Kompetanseløft for unge kulturledere	3 år	440 000	150 000
32	<b>MEMOAR</b>	Senter for munnleg historie	3 år	2 973 000	966 000
33	<b>NATTJAZZ</b>	Jazzmetoden - talentutviklingsprogram for barn og unge	3 år	2 000 000	1 200 000
34	<b>NY MUSIKK BERGEN</b>	Lydbruket Vest	3 år	1 894 000	1 000 000
35	<b>Os biljard og snookerklubb</b>	Juniorutvikling i biljardspporten	3 år	160 000	160 000
36	<b>OSEANA OS KUNST- OG KULTURSENTER KF</b>	Kulturhus i Vestlandet fylke - Nettverk og prosjektsamarbeid	2 år	600 000	300 000
37	<b>SIMBA ARTS www.simbaarts.org</b>	Figure-ring / New Voices	1 år	222 000	105 000
38	<b>SKODVIN SKULEMUSIKK</b>	Ny komponist - Ny musikk	3 år	765 000	585 000
40	<b>STIFTELSEN BERGEN INTERNASJONALE TEATER</b>	Diskursprogram ved BIT Teatergarasjen 2019-2022	3 år	1 830 000	750 000
41	<b>Stiftelsen BIT20 Ensemble</b>	Glimt! - BIT20 Ensemble 2020-2022	3 år	2 500 000	900 000

42	<b>STIFTELSEN ESPELAND FANGELEIR</b>	Prosjektstilling	3 år	3 248 166	1 500 000
43	<b>Stiftelsen Kulturhuset USF</b>	Skuten- nytt tverrfaglig arbeidsfellesskap for kulturaktører i etableringsfasen.	3 år	4 424 593	600 000
44	<b>Stiftelsen Lystgården</b>	Mennesker, mat og historier	3 år	1 698 400	750 000
45	<b>Stiftelsen Nye Fyllingsdalen Teater</b>	Cirkus Balance - Bergen	3 år	2 120 000	600 000
47	<b>STIFTINGA MUSEUMSSENTERET I HORDALAND</b>	Frå prototype til produksjon - nyskapande samarbeid i freda industriminne	3 år	2 750 000	1 300 000
48	<b>STRILEN ARTIST- OG VISEKLUBB</b>	Vestlandsk Visefest	3 år	665 000	300 000
49	<b>SYV MIL AS</b>	Syv mil & Ambassadører for Vestlandet	1 år	200 000	100 000
51	<b>UNG I KOR - VEST</b>	Bergen Ungdomskor	2 år	510 000	200 000
54	<b>VILL VILL VEST</b>	Vill Vill Vest - Musikkbransjefestival	3 år	2 331 500	300 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 30.08.2019**

Sjå vedlagt søknadsoversikt med fylkesrådmannen sine vurderingar. Nummereringa i vedtaket viser til nummereringa i oversikta.